



bookLEK

FOR ALLE SKULESTARTARANE I INNLANDET



LEIK MED BOKA!

ALLE BARN som går siste året i barnehagen, blir invitert til folkebiblioteket for å møte forfatteren eller ein formidlar.

Boklek-forfattar i Innlandet i 2025 er Martine Grande. Ho reiser saman med Kristine Haugland og Marianne Sundal rundt til alle folkebiblioteka i Innlandet for å formidle biletboka *Stor*, som handlar om kva det vil seie å vere stor, liten og akkurat passe seg sjølv.

LEIK MED BOKA!

Bøkene til Grande kan lånast på ditt lokale folkebibliotek. Alle barnehagar som deltek, får eit eksemplar av boka. Vi oppfordrar barnehagane til å gå inn på boklek.no for nyheiter, tips og idear til aktivitetar til *Stor*. Aktivitetane kan gjennomførast i barnehagen og heime før og etter besøket på biblioteket.



ÅRETS FORMIDLARAR!



MARTINE GRANDE er forfatter, illustratør og animatør. Ho har laga ei rekke lettlesbøker og biletbøker på nynorsk. Ho har også laga filmar og teatermanus basert på bøkene.




MARIANNE SUNDAL er forteljar og har lang erfaring med fortellingar, framsyningar og kurs. Sundal har jobba mykje med elevar og lærarar. Ho lagar også egne framsyningar.



KRISTINE HAUGLAND har jobba som forteljar sidan 2003. Med forskjellige solo- og samarbeidsprosjekt har Haugland turnert og spela for tusenvis av barn, unge og vaksne.





BOKLEK STARTA I 2014 og er eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival og Innlandet fylkesbibliotek. Frå 2024 blei Boklek utvida til Rogaland og Telemark i samarbeid med fylkesbiblioteka. Målet er å skape positive litteraturopplevingar gjennom formidling, høgtlesing og fortelling, og ved å lytte, teikne, dikte og skape.

MEIR INFORMASJON PÅ [BOKLEK.NO](https://boklek.no)

NORSK SIGRID UNDSSET-DAGENE LILLEHAMMER
LITTERATURFESTIVAL
02. – 08. JUNI 2025



Innlandet
fylkeskommune